

KONSEKVENNS AV AT § 14 I TROSSAMFUNNSLOVA IKKJE BLIR FØLGT

Voss kyrkjelege fellesråd klarar ikkje løysa samfunnsoppdraget innafor dei rammene som vert tildelt.

- Uavhengig av korleis det går økonomisk har ein påfølgjande år fått tildelt samme beløp som året før korrigeret for prisvekst. Så kjem nedtrekk.
- For 2026: Fått 1 mill mindre til drift enn innmeldt behov
 - Ingenting til innmeldt vedlikehaldsbehov og inv behov 2,7 mill
 - Tilsvarande, ikkje fått midlar vedlikehald og investering siste åra
- Siste fem år 5,5 mill i underskot i driftsrekneskapet
- Alt av frie fond oppbrukt
- 4 mill i akkumulert udekka meirforbruk

MEN, iverksette tiltak, hard styring og fokus vil bidra til betre resultat enn budsjettert.

VARSLA KRISE

- Ordførar og rådmann vart varsla i vinter om økonomisk stilling, kyrkjeverja gav prognose om insolvens vil inntreffa 1. november.
- Avtalte at kyrkjeverja skal finne og iverksette tiltak før presentasjon for politikarar (i dag)

GJENNOMFØRTE TILTAK

- Sagt opp avtale med Vonheim, reforhandling – vanskelig for KFUM
- Gold diggers, leverandørar som overfakturerer sagt opp
- Turistvertar i kyrkja avvikla, me tilbyr ikkje lenger open Vangskyrkje om sommaren
- Sagt opp tilsette, ikkje erstatta pensjonistar
- Vakansar ifm sjukemeldingar, heilt på tannkjøtet med at me får det til å gå rundt
- Auka prisane våre vesentleg, lagt om festeavgiftene
- Lagt om til årlege festeavgifter, vil på sikt auka inntektene våre
- Kremasjonstilskot kun til Granvin
 - Tiltak for å spara heradet for framtidige kostnader til gravplass ved å yta kremasjonstilskot utarmar Voss kyrkjelege fellesråd ytterlegare

Effektane av tiltak aukar i andre halvår 2026, men ikkje nok på kort eller lang sikt.

Fleire mindre tiltak er iverksett, som kutt i kostnader til renovasjon på gravplassar.

KVA BRUKAR VOSS KYRKJELEGE FELLESRÅD SINE PENGAR TIL?

*For det meste lønn og pensjon. Ingen extravaganse, Dei aller fleste av våre tilsette har ei årslønn på rundt 530-540 tusen i 100 % stilling

*Straum, ca halv million på fire første månadar

* Digitalisering kostar, mykje lisenskostnader

* Gravplass 2025. Me berekna kostpris i fjor til 4,746 mill som gav 3,475 mill i underdekning i høve til eigne inntekter. Av heradet sine løyvingar var det 1,78mill til drift av gravplass.

* Det er ingen midlar til vedlikehald, spesielt kyrkjebygg forfell raskt

KVA TRENG TRENG VOSS KYRKJELEGE FELLESRÅD ?

- 5 mill i årene 2026 -2028 for å dekke årets og akkumulert meirforbruk
- Må ha 2 mill av desse for å komma oss i havn med 2026
- Framtidige økonomiske rammer i samsvar med behov.
- Hovudutfordringa no er likviditet. Me kan ikkje gjera opp for oss siste to mnd i 2026, ikkje betale lønn, ikkje betale leverandørar.
 - Frykta konsekvens er bemanning som søker seg vekk.
 - Vanskeleg å rekruttere til stillingar i kyrkja
 - Ressurskrevjande med opplæring

Kva gjer naboheradet Ullensvang?

- Innbyggjartal om lag halvparten av Voss
- 8 kyrkjebygg, 8 gravplassar - litt mindre enn oss
- Ullensvang kyrkjelege fellesråd mottar i år 2,7 mill meir til drift frå sitt herad enn kva Voss kyrkjelege fellesråd får.
- Mottek også støtte til nyinvesteringar og vedlikehald i motsetning til oss
- Har ingen økonomiske bekymringar.

VEDLIKEHALD

- Kun lovpålagt, som gjeld brann- og eltilsyn, sertifiserte maskiner, tineapparat til gravplass.
- Ingen vedlikehald på bygg
 - Unntak Granvin 300 år som er malt 2025 med eigne tilsette
 - Unntak Evanger 175 år som er malt 2026 med eigne tilsette
 - Unntak Raundalen som er malt 2026 på dugnad av bygdafolket og padleklubben

KYRKJEBEVARINGSFONDET

- Jobbar for å komma i køen til neste søknadsfrist, 3 år til evt tilskot føreligg
- Middelalderkyrkjer er no prioritert
- Kan pårekna å få hjelp til Vangskyrkja
- Kan ikkje pårekna å få hjelp til andre kyrkjer dei næraste åra

VERDIVAL

- Midlar etter behov handlar også om verdival
 - Skal me ha desse kyrkjene, eller skal me ikkje ha desse kyrkjene
 - Heradet sine val og prioriteringar vil vera avgjerande, kan ikkje spara oss ut
 - Konsekvens av manglande finansiering med påfølgjande redusert aktivitet
 - Færre kyrkjer i drift i alle fall vinterstid, i ytterste konsekvens 1 eller 2 for å få tilstrekkeleg innsparing på drift og personell
 - All vigsel, dåp og gravferd i heile heradet frå 1 eller 2 kyrkjer for spareeffekt
- Kyrkjene er vossabygda sine største kulturskattar
- Kyrkjer og kyrkjegardar, dei største minnebøkene me har